

# REGIONAL PLAN FOR DOVREFJELLOMRÅDET

## Mål og retningslinjer (B)



Foto: Olav Strand



Foto: Ole Einar Butli Haarstad

## Innhald

1. Mål og retningslinjer .....	3
1.1 Overordna mål for arealbruken.....	3
1.2. Delmål.....	3
2. Retningslinjer.....	5
2.1 Felles retningslinjer .....	5
2.1.1 Samordning av forvalting .....	5
2.1.2 Retningslinjer for kommunane si arealplanlegging.....	6
2.2 Retningslinjer for nasjonalt villreinområde (NVO1 Snøhetta og NVO2 Knutshø).....	8
2.3 Retningslinjer for buffersonene (BS1 - B15).....	8
2.4 Retningslinjer for bygdenæreområde (BO).....	10
2.5 Retningslinjer for område bandlagd etter naturmangfaldlova .....	10

# 1. Mål og retningslinjer

## 1.1 Overordna mål for arealbruken

Målet med den regionale planen for Dovrefjellområdet er å sikre ei bærekraftig og langsiktig areal- og ressursforvaltning i planområdet. Dette innebærer å ivareta fjelløkosystemet med villreinen som nykkjelart, sikre inngrepsfrie natur område, sikre kulturminne og kulturlandskap og legge til rette for eit aktivt friluftsliv.

Det skal kunne leggest til rette for bærekraftig næringsutvikling i planområdet som bidrag til å sikre livskraftige bygdesamfunn. Dette skal skje på ein slik måte at det ikkje reduserer verneverdiane.

## 1.2. Delmål

Dette blir konkretisert med følgjande målområde:

### A. Lokal forståing, auka kompetanse og forankring av vern og ressursforvaltning

Dette innebærer:

- Mest mogleg lik forvaltingspraksis i likeverdige område i heile planområdet.
- Auke kompetansen om natur- og kulturverdiar i planområdet og formidle dette lokalt.
- Gje informasjon om og tilrettelegging av natur- og kulturverdiar.

### B. Sikre ei bærekraftig og langsiktig areal- og ressursforvaltning

Dette innebærer:

- Ivaretaking av villreinen sine leveområde også utanfor område verna etter naturmangfaldlova, og ikkje legge opp til aktivitet som aukar ferdsla i villreinen sine leveområde.
- Sikring og synleggjering av kulturminne og kulturlandskap.
- Sikring og tilrettelegging av areal til friluftsliv og rekreasjon.
- Oppretthalde ei aktiv landbruksdrift og bruk av verkemidlar i landbruket for å sikre kulturlandskap og biologisk mangfald.
- Det blir lagt til grunn at definisjonen av «aktiv sæter» er vidare enn berre mjølkeproduksjon. Bruken av sætra kan vera knytt til slått, beite, slepp og samling av, samt tilsyn med beitedyr.

### C. Legge til rette for bærekraftig næringsutvikling

Dette innebærer:

- Satsing på tradisjonelt landbruk og nye næringar med utspring i tradisjonell landbruksdrift.
- Betre utnytting av reiselivspotensialet knytt til fjellområde, seterdalar og levande bygder.
- Profilere og utvikle "Dovrefjell" som omgrep.
- Verdsette landbruket si betydning i forhold til å ivareta verneformålet kulturlandskap og opphavet til dette og bruke verkemidlar i landbruket til dette.

#### **D. Sikre lokal forvaltning av verneområdene**

Dette innebærer:

- Kompetanse og ressursar i lokalt forvaltningsorgan og i kommunene må sikrast.
- Videreutvikle ei meir helskapleg forvaltning i Dovrefjellområdet som omfattar informasjon, oppsyn, skjøtsel, tilrettelegg og overvakning

## 2. Retningslinjer

### 2.1 Felles retningslinjer

Det regionale plankartet og disse retningslinjene er retningsgjevande for statleg, regional og kommunal planlegging og saksbehandling. Dersom kommunen vil fråvike planen, må kommunen pårekne motsegn frå myndigheiter på fylkesnivå. Den regionale planen er ein overordna og grovmaska plan, som ikkje fangar opp alle lokale forhold. Det vil derfor være nødvendig å tilpasse plangrensar, føresegner og retningslinjer i kommunane si juridisk bindande planlegging. Dersom hovudprinsippa i den regionale planen blir fråvike i kommunal planlegging, skal spørsmålet bli teke opp med statlege og fylkeskommunale myndigheiter tidleg i planprosessen.

#### Verknad av planen

- a. Etter plan- og bygningslova (PBL) § 8-2 skal regionale planar leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.
- b. Rettsleg bindande arealbruk blir fastlagt i den kommunale arealplanlegginga etter plan- og bygningslova.
- c. Tidlegare godkjende kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar innfor planområdet gjeld uavhengig av denne regionale planen.
- d. Verna område som nasjonalparker, landskapsvernområde og naturreservat har bindande forskrifter etter naturmangfaldlova og skal ha retningslinjer gjevne i eigne forvaltningsplanar. Retningslinjene i denne planen gjev ingen tillegg ut over desse.
- e. Utanfor verneområda kan landbruk utøvast innanfor rammene av jordlova og anna gjeldande lovverk og kommunale planar.

#### Planområdet er avsett til:

- Nasjonalt villreinområde (Snøhetta NVO1, Knutshø NVO2)
- Bufferoner (BS1-B13)
- Bygdenære område (BO) er område utan betydning for villreinen sin bruk NVO.

#### Verneområde etter naturmangfaldlova mfl. er vist som:

- bandlagde område.

#### 2.1.1 Samordning av forvaltning

Forvaltning av areala i planområdet skjer etter plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og andre aktuelle lover. Normalt skal saker bli behandla etter det strengaste regelverket fyrst, og forvaltingsorgana skal elles gjennom gjensidig informasjon sørgje for ei effektiv og fullført saksbehandling. Ved motstrid mellom føresegner gjevne med heimel i plan- og bygningslova og føresegner heimla i naturmangfaldlova er det reglane etter naturmangfaldlova som gjeld.

Det er etablert eit eige Nasjonalparkstyre for Dovrefjell med representasjon frå kvar kommune og kvar fylkeskommune, som har areal innanfor verneområda. Forvaltning etter plan- og bygningslova og forvaltning etter naturmangfaldlova skjer no i høvesvis kommunen og nasjonalparkstyret. Ansvar for forvaltning og oppfølging av den regionale planen konkretiseres på følgjande måte:

- Hovudansvaret for å følgje opp retningslinjene i den regionale planen ligg hos

- fylkeskommunane og kommunane.
- Fylkeskommunane har eit særskild ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet. Dette bør skje i nært samarbeid med andre aktørar, særleg nasjonalparkstyret.

Prinsippa for forvaltning i verneområdene er beskrevet mer detaljert i "Forvaltingsplan for verneområdene på Dovrefjell".

### **2.1.2 Retningslinjer for kommunane si arealplanlegging**

#### **Retningslinjer for kommunal planlegging**

Kommunane blir rådd til å vedta retningslinjer om estetisk utforming av bygg i sæterdalar, viktige kulturlandskapsområde og for spreidd utbygging elles. Kommunane blir også rådd til å innføre samordna føresegner for bruk av camping/caravan og bubilar.

Den regionale planen skal leggst til grunn ved kommunane si behandling av plan- og byggesaker, og andre saker knytt til areal- og ressursbruken. Intensjonane i den regionale planen skal leggst til grunn; om nødvendig bør kommunen innføre byggje- og deleforbud etter plan- og bygningslova § 13-1 i venting på revidert kommuneplan, dersom dette er nødvendig for å gjennomføre intensjonane i den regionale planen.

Kommunane har ansvar for at alle nye arealplanar, utbyggingssaker og inngrepssaker som kan påverke villreinen sine livsvilkår, skal normalt bli å sende til villreinnemnda og villreinutvalet for høyring.

#### **Retningslinjer for behandling av dispensasjonssaker**

Ved behandling av dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan etter §§ 19-1 – 19-4 i plan- og bygningslova skal kommunane leggje vekt på å følgje opp retningslinene i den regionale planen. Endringar i areal- og ressurspolitikken skal ikkje skje ved dispensasjonar, men ved å ta opp planane til revisjon.

Kommunen kan vurdere tilbygg, uthus og anneks på eksisterande, godkjende og utbygde fritidseigedomar utanfor regulert felt. Søknadar blir å behandle som dispensasjon uansett storleik på tiltaket, og det må gjerast ei konkret vurdering av kva som kan tillatast ut frå omsyn til villrein, busetnaden si eksponering og lokalisering (snaufjell/skog), terreng, nærleik til vatn og vassdrag og tilpassing til kringliggjande busetnad. Kommunane blir rådd til å vurdere behovet for utarbeiding av særskilde føresegner for geografiske avgrensa område, alternativt utarbeide retningslinjer for dispensasjon.

#### **Retningslinjer for vegar**

Vegutbetringar og nye vegar som aukar høvet til bilkøyring og ferdsel inn i villreinen sine leveområde bør som hovudregel ikke bli bygt. Dersom dette skjer skal behovet for ferdselsreguleringer ved bom og restriksjonar på brøyting bli vurdert. Eksisterande vegar som er bygt i landbruksmannheng, inn i villreinen sine leveområde, bør ikkje bli opna for trafikk før 1. juni, jf. forvaltingsplanen for verneområda.

Der vegutbetring eller nybygging av veg er nødvendig for å fremme aktiv landbruksdrift i eit område bør det bli gjeve rettleiing i planlegging med sikte på å komme fram til landskapsmessige og økonomisk akseptable løysingar.

Det er berre vegar som er bygt for landbruksbehov som kan bli definert som landbruksveg. Vegplanar som gjeld t.d. tilkomst med bil til hytter eller reiselivsverksemd, fell utanfor landbruksføremålet og krev derfor planbehandling, eventuelt dispensasjon etter pbl § 19-1 i særlige tilfelle. Vegar som medfører konfliktfylt ferdsel inn i sentrale villreinområde bør bli haldne stengt med bom i dei periodane av året da ulempene for villreinen er størst. Der det er nødvendig for å gjennomføre tiltaket bør reguleringsplan bli nytta for å styre ferdsla, m.a. gjennom styring av høve til stopp- og parkering og ved skilting.

Brøyting av offentlig vegar inn i villreinen sine leveområde er som hovudregel ikke tillate. Det same bør gjelde for private vegar. Omfanget av brøyting bør fortløpande bli vurdert i forhold til villreinen sine leveområde og trafikkmengda i området. Brøyting bør som hovudregel kunne styrast ved friviljuge avtaler, om nødvendig bør reguleringsplan nyttast for å styre sommar- og vinterbruken.

Gjennom retningslinjer til kommuneplanen bør kommunen stille krav til utforming og tilpassing av offentlige og private vegar.

### **Retningslinjer for ferdsel**

Med ferdsel er det meint

- allmenn ferdsel etter friluftsløva,
- motorisert ferdsel i utmark og ferdsel i samband med forsvaret sine bakkebaserte aktivitetar
- regional basiskartlegging som NGU driv
- leiting etter mineralske forekomstar jf. § 8 i minerallova
- kartlegging og tilsyn med avslutta og noværande mineraluttak jf. § 49 i minerallova
- sikring av evt. gruveåpningar og tiltak mot forureining frå evt. gammal gruveaktivitet jf. § 50 i minerallova.

Lokalisering av ferdselsårer må skje ut fra omsyn til villreinen og øvrige sårbare artar sin arealbruk. Kommunane bør som en del av kommuneplanen utarbeide planar for motorferdsel i utmark, skiløyper og stigar, og knytte desse til forvaltningen etter naturmangfaldlova og lov om motor ferdsel i utmark. Planane bør bli samordna over kommune- og fylkesgrensene. Kommunane bør føre ein restriktiv dispensasjonspraksis mht. motorferdsel i utmark. Løypetraser som er ei ulempe i forhold til villreinen sine leveområder bør bli lagt om. Organiserte turar bør bli lagt utanom sentrale villreinområde i dei periodane av året da konflikt kan oppstå.

Forsvaret har etter lov om motorferdsel i utmark høve til ferdsel i utmarka knytt til øvingar, forflyttingar og transport. Forsvaret skal etter same lovs § 8 vise aktsemd og unngå skadar og ulemper for naturmiljø og menneske. I denne samanheng skal retningslinjer i den regionale planen bli lagt til grunn.

Forsvarets unntak frå ferdselsrestriksjonar gitt i verneforskrifter gjeld framfors retningslinjer gitt i den regionale planen.

### **Retningslinjer for vassdrag**

Forvaltning av varig verna vassdrag skal samordnast med anna forvaltning av areal i området. Planar for differensiert forvaltning av desse områda bør bli integrert i øvrige verne- og planføresegner og inngå som ein del av kommuneplanen sine føresegnar. Kommunane bør gjennom

kommuneplanlegginga også sikre verneverdiar knytt til andre vassdrag og ta opp behov for estetisk og landskapsmessig utbetring av utbygde vassdrag.

### **Retningsliner for kraftutbygging og kraftliner**

Ein bør unngå ny eller utviding av eksisterande kraftutbygging eller kraftliner i villreinen sine leveområde. Unnatak kan bli gjort for prosjekt som ikkje gjev nye inngrep som er vesentleg for villreinen eller andre verneinteresser, og for prosjekter med samla positiv miljøvinst knytt til villrein, landskap og andre verneinteresser. Retningslinene er ikkje til hinder for drift og vedlikehold av kraftliner. Det blir lagt til grunn at det blir teke størst mogleg omsyn til villrein og andre verneinteresser.

### **Retningsliner for forvaltning av mineralske førekomstar**

Forvaltning av mineralske førekomstar og rammer for uttak av slike, blir fastsett gjennom kommuneplan eller reguleringsplan. Verksemda må ikkje gje inngrep som er vesentleg for villrein eller andre verneinteresser, og i størst mogleg grad skal det takast landskapsomsyn. Skiferområda i Drivdalen er omfatta av denne retningslina.

## **2.2 Retningsliner for nasjonalt villreinområde (NVO1 Snøhetta og NVO2 Knutshø)**

Det skal ikkje etablerast nye hytter, turistverksemder eller anna utbygging i NVO, og heller ikkje skal det gjerast større utvidingar av eksisterande hytter, verksemder eller turisthytter. Godkjende arealplanar som ikkje er gjennomført, skal bli gjeve ei vurdering i forhold til intensjonane i den regionale planen og verneplanen ved neste revisjon av kommuneplanane.

I NVO, utanom verneområda som kan ha eigne føresegner, kan landbruk utøvast innanfor rammene av jordlova, fjellova og anna gjeldande lovverk og kommunale planar. Ved behandling av søknadar/meldingar om landbruksbygg og –anlegg skal det bli lagt vekt på å komme fram til plassering og utforming som gjev minst mogleg konflikt med villrein og andre verneinteresser.

Gjennom retningsliner til kommuneplanen bør kommunen konkretisere forventingar til utforming av bygg og anlegg, inkludert landbruksbygg.

## **2.3 Retningslinjer for buffersonene (BS1 - B15)**

### **Felles retningsliner for buffersonene**

Områda innanfor BS er i dag i hovudsak LNF-område, regulerte område for hyttebygging eller turistverksemder. Innanfor desse områda blir arealbruken fastsett i kommuneplanen.

*I områda BS1 og BS8-BS15 skal det som hovudregel ikkje etablerast ny fritidsbusetnad/-eigedommar ut over det som allereie er godkjent gjennom reguleringsplan eller gjennom områder avsett for fritidsbustader i kommuneplanene sin arealdel.*

Områda BS2-BS7 har stor samfunnsmessig betydning, samtidig som delar av desse er biologisk leveområde for villrein. Det blir her lagt stor vekt på samfunnsmessig utvikling, samtidig som det blir teke om syn til villreinen ved at det er krav om avbøtande tiltak og kanalisering av ferdsel og annen aktivitet for å redusere ferdsel og aktivitetar inn i NVO. Fortetting og utviding av eksisterande byggeområde blir prioritert.

### **Retningsliner for turistverksemd og utmarksnæring**



Det blir lagt vekt på å gi moglegheit til utvikling av eksisterande turistbedrifter, småskala turistverksemd knytt til eksisterande sætrer og utvikling av utmarksnæring basert på stadeigne ressursar. Dette kan være for å utvikle setra som kulturbærere, reiseliv og merkevare for å styrke næringsgrunnlag, sysselsetting og bumiljø.

#### Generelt

- All verksemd skal ta utgangspunkt i eksisterande busetnad.
- Nye bygningar for næringsformål skal vera knytt til eksisterande bygningar og sæteranlegg. Det skal bli lagt vekt på tiltakets betydning for å ivareta utmarksbusetnaden og sætermiljøa, og det skal bli lagt vekt på tilpassing til landskap, kulturlandskap og det kulturmiljø busetnaden er ein del av.
- Ny verksemd må også bli vurdert i forhold til sannsynleg effekt på villreinen sin arealbruk. Avbøtande tiltak for å styre ferdsel, samt avgrensning i sesong skal bli vurdert.

I buffersonene bør det leggst vesentleg vekt på dei landskapsmessige verknader av inngrep og utbygging.

Nye parkeringsplassar kan bli etablert som del av ei kanalisering av ferdsel og annen aktivitet, og elles ikkje fører til økt belastning på villreinen funksjonsområde. Kanalisering av ferdsel og aktivitet skal gjevast ei vurdering i forhold til villreinen sin skiftande arealbruk gjennom året. Ved vurdering av kommuneplanens regler for spreidd bustad- og ervervsutbygging skal det bli lagt stor vekt på i kva for grad utbygging i buffersonene vil auke ferdsla inn i villreinområda. Tilrettelegging for friluftsliv og aktivitetar blir prioritert innanfor BS for å redusere ferdsel inn i NVO. Byggeområde, stigar og løyper og annan infrastruktur skal planleggast/byggast ut slik at ferdsel og aktivitetar blir kanalisert til område utanfor NVO. Ved fortetting og utbygging innanfor BS bør det bli lagt særleg vekt på å tilrettelegge for ferdsel bort fra villreinområdet.

I BS kan landbruk utøvast innanfor rammene av jordlova og anna gjeldande lovverk og kommunale planar. Ved behandling av søknad om landbruksveggar inn mot det nasjonale villreinområdet skal det bli vurdert om det er behov for å sette vilkår om stenging av vegen med bom for allmenn ferdsel i heile- eller delar av året.

Liste med kulepunkt, her gjeld berre dei felles retningslinene for buffersonene:

- **BS2: Buffersone Kvitdalen**
- **BS3: Buffersone Savalen**
- **BS6 Buffersone Verma (Brude hyttefelt)**
- **BS8: Innerdalen aust**
- **BS9: Innerdalen vest**
- **BS10: Hostoa – Langvelldalen**
- **BS11: Austfjella**
- **BS12: Vinstradalen**
- **BS13: Trondalen**
- **BS15: Fjellgardane og Grødalen**

**Buffersoner med tillegg til felles retningslinjer:**

**BS1 Aursjøen – Dalsida - Myrin –Andberg – Dovrefjell – Hjerkin – Kongsvoll**

Her gjeld dei felles retningslinene for buffersonene.

Det legges vekt på å prioritere eksisterende bedrifter og virksomheter framfor å etablere nye. Det skal ikke etableres ny fritidsbebyggelse/fritidseiendommer utover det som allerede er godkjent gjennom reguleringsplan eller kommuneplan. Det kan gis rom for tilbygg, uthus og annekspå eksisterende fritidsbebyggelse innenfor en øvre ramme på 120m<sup>2</sup> bruksareal (BRA). Parkeringsareal kommer i tillegg. Lokale rammer for bebyggelsen må konkretiseres i kommunale planer og fastsettes ut fra hensynet til villrein, bebyggelsens synbarhet og beliggenhet (snaufjell/skog), terreng, nærhet til vann og vassdrag og tilpasning til omkringliggende bebyggelse.

#### **BS4: Buffersone Sæterfjellet**

Her gjeld dei felles retningslinene for buffersonene.

Spesielt for BS4 gjeld at området er i Kommuneplan for Oppdal avsett til framtidig bruk for råstoffutvinning (skifer). Området kan ikkje byggjast ut for andre arealbruksføremål enn råstoffutvinning.

#### **BS5: Buffersone Finsetlia**

BS5 gjeld område avsett i Kommuneplan for Nesset til alpinanlegg i Finsetlia med tilhøyrande utbygging. Grensa for buffersona mot fjellet er lagt i tråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt godkjenningsbrev dagsett 21.02.2014. Området kan regulerast for vidare utbygging av hytte- og reiselivsområde i tråd med godkjend Kommuneplan for Nesset (Kommunal og moderniseringsdepartementet, 21.02.2014).

Det er viktig å unngå ein framtidig ferdselsakse på tvers av fjellet i retning Bjorli.

#### **BS7: Buffersone Bjorli**

Her gjeld dei felles retningslinene for buffersonene.

Spesielt for BS7 er at i godkjend i Kommuneplan for Lesja er lagt ut område for drift og vidare utbygging av alpin- og reiselivsbygg og hytteområde. Området kan planleggast for vidare utbygging av hytte- og reiselivsområde i tråd med kommuneplanen.

Det er viktig å unngå en framtidig ferdselsakse på tvers av fjellet i retning Eikesdalen.

#### **BS14: Dindalen**

Her gjeld dei felles retningslinene for buffersonene.

Eksisterande bruk knytt til Dindalshytta og sætrene i BS14 kan halde fram som før.

## **2.4 Retningslinjer for bygdenæreområde (BO)**

I BO kan kommunane fremme kommune- og reguleringsplanar utan at den regionale planen legg føringar for arealbruken.

## **2.5 Retningslinjer for område bandlagd etter naturmangfaldlova**

Retningslinene gjeld for område verna etter naturmangfaldlova o.a. Område verna etter naturmangfaldlova o.a skal visast som bandlagd areal i kommuneplanane.